



Engelsmann og svensk søskenpar ønsker velkomne til Vertshuset: Sofie og Maria Laxheim flankerer Chris Irving. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vertshuset i Uskedalen har hatt ein positiv nystart sidan opninga 13. juni og torsdag kveld sette dei førebels besøksrekord: Så mange som 120 let seg frista av reker, krabbeklør og blåskjell samt suppe med sei, laks, krabbe og blåskjell som basis-ingrediensar.**

Gjestane var ein miks av uskedelingar og feriegjestar. Ikkje minst var det eit stort innslag av båt-turistar frå Bergen, fortel søskenparet Maria og Sofie Laxheim til uskedalen.no. Det stoppa forresten ikkje på 120 – det kom også fleire etter at serveringa var over. Ein stab på sju var i intens aksjon på kjøkenet, i baren og med servering. - Ikkje minst var suppa ein suksess og vi fekk også skryt for god service og rask servering, seier Maria og Sofie.

På kjøkenet er det no folk frå to land i arbeid: Chris Irvine (24) frå Lake District i England har komplettert den unge staben i Vertshuset. Han er eigentleg teknisk teiknar, men også ein dyktig kokk og kan tenkja seg ei permanent tilknytning til serveringsstaden i Uskedalen. Sofie Laxheim frå Stockholm skal arbeida der gjennom sommaren. Også Sofia og Maria sin far Ulf var i aksjon på torsdagskvelden! Mange er med og dreg lasset for at dette skal bli ein permanent suksess.

No i helga er fleire nyheiter på gang: Tom frå Rosendal hadde debuten som disc-jockey torsdag kveld og held fram fredag. Då er det grillkveld på terrassen i fire timar. Grillkvelden blir gjenteke laurdag.

Og på søndag lovar kokkane ein eller annan kyllingrett....

Av Ola Matti Mathisen

**DU FINN MEIR UNDER ARRANGEMENT**